



## OSTERØY IDROTTSLAG

Fotballgruppa

Årsmelding 1984.

### Styret:

Formann	Jon Ketil Hatland
Nestformann	Johnny Solberg
Kasserer	Rigmor Langeland
Skrivar	Inge Bruvik
Oppmann	Eirik Gudmundsen
Styremedlem	Jørn Vad

### Varamenn:

1. Varamann	Arnhild Kollvangsnes
2. Varamann	Eirik Gudmundsen
Materialforvalter	"

Styret har hatt 13 styremøter, der fleire saker har vore gjengangara.

Utsendinger til Kretstinget i år var Rigmor Langeland og Inge Bruvik.

Utsendinger til sonemøte for kretsen var, Jørn Vad, Johnny Solberg og Atle Solberg.

Også i år har laget hatt fleire folk på trenar- og dommar kurs. Dette er bra etter som laget har ein handlingsplan med målsetjing. Det er desverre ikkje alle mål som går i oppfyllelse. Etter at seniorane kjempa i bunnen av 5. div. i fjor, blei da disverre nedrykk til 6. div. i år. Dette vil vel setja ein dempar på humøret, men målet må vere å koma seg fortast mulig opp att i 5. divisjon.

Allerede ipokalkampen skar da seg då laget i finalen tapte 5 - 0 for Fotlandsvåg. Eit plaster på såret får vere at bestemanns-premien i denne turneringa gjekk til Johnny Solberg. Fleire Styremøter og spelarmøter, har i år behandla spelarstall og muligheter for 3. lag som A-, B- og Juniorlag.



## OSTERØY IDROTTSLAG

Økonomien i laget har vore dårlig, sjølv omdet har vore mange forsøk på å forbedra den. Det har vore bl. a. arrangert basar og lotteri, men utgiftene har vore så store at det på langt nær har dekket det.

Etter at det i 5. div. blei innført å bruke linjemenn på kampane, har dommarutgiftene steget betraktelig. Lite publikum samt dårlig salg, har ikkje gjort situasjonen bedre.

Me hari år mista 3 spelara til Valestrand IF.

Desse er : Trond Lone, Tor A. Skaar og Bjørn K. Øksnes.

Osterøy Cup for aldersbestemte lag vart det disverrs ikkje noke av, fordi fleire lag trekte seg.

I samband med denne cupen, var det satt opp kamp mellom Ny-Krohnborg og eit sammensatt Osterøy lag. Dette gav ein del kroner i kassen slik at dette burde me hatt som fast inntekt. Ellers har det i år kommen klage fra Ungdomsskulen angående tilgrising av garderober etter kamp mellom Osterøy og Løv-Ham i junior avd. og dette går ikkje til vår fordel, fordi at me kan miste garderober i verste fall.

I serien i år, har me hatt med 11 lag fordelt på A-, B-, Old boys-, Junior-, jenter-, små jente-, gutte-, små gutte-, lilleputt-, og 2 knøttelag som har spelt i ein lokal serie der 1ste laget kom på ein fin 2.dre plass.

Juniorlaget har hevda seg godt i år. Etter vårkampane var laget på nippe til å rykke opp i 1.ste div. Enda til slutt på 2.dre plass i sin avdeling.

Det samme skjedde med små guttane. Ellers har det stort sett vore middels år for dei andre lagene.

E

Til slutt bør det nevnast litt om innbetaling av treningsavgift. Det har vist seg at det er vanskelig å få inn desse pengane sjølv om " lappane " er ferdig utfylt for betaling.

Det har desverre vist seg at det er hjå dei eldste dette er vanskeligst å få inn.



## OSTERØY IDROTTSLAG

Styret vil med dette få takka alle som har vore aktive eller bidratt med andre ting for klubben denne sesongen, og håper på ein god start i den neste.

for styret  
Inge Bruvik.

Styret for 1985.

Formann	Inge Bruvik
Nestformann	Stein Hagebø
Kasserer	Rigmor Langeland
Skrivar	Nils Nonås
Juniorformann	Geir Olsen
Styremedlem	Jørn Vad
1. Varamann	Sonja Solberg
2. Varamann	Jan Arve Johannesen